Referat frå styremøte i Stavanger Bordtennisklubb 23.10.2014

Tidspunkt: 23. Oktober 2014 kl 17:30 i Stavanger Idrettshall
Til stades: Trond Skeie, Michael Nickel, Radoslaw Wincza, Roy Høyland, Roald Lygre (referent)

Sak 10/2014-15 Sportsleg

Carles ønskjer at me skal satsa sterkare sportsleg. Forslaget er å starta med 6-åringar for å kunna få fram gode spelarar. Ei slik satsing vil kreva ressursar.

Idear frå Carles:

-Oppvisningskampar på skular, kjøpesenter, bedrifter?

-Laga brosjyrer

-SFO

-Tilby det som gym-undervisning i 6 mnd

Me må diskutera dette vidare. Carles sender eksempel på brosjyrer og opplegg han har brukt tidlegare.

Sak 11/2014-15 Bruk av helgene

Me prøver å arrangera trening eller turnering.

Kanskje laga skulemesterskap som marknadsføring.

Aksjon: Roald sender ut e-post med oversikt over helger

Sak 12/2014-15 Klubbtrenarkurs hjå Skjoldar 22. november

Radek og Roald er påmelde, me prøver å få fleire med.

Sak 13/2014-15 : Lag i fjerde og femtedicisjon

Me må setja opp laga, slik at spelarane kan planleggja å bruka den helga på bordtennis.

Prinsipp for laguttak: 3 spelarar per lag, slik at alle får spela like mykje. Det bør vera ein forelder som er ansvarleg per lag for transport o.l.

Aksjon: Radek lagar forslag komande veke

Sak 14/2014-15 Neste stemne

Treng nokon som tek ansvar for informasjon og påmelding til Etne cup.

Sak 15/2014-1 Kompensasjon til trenarar

Må få oversikt over økonomien før me kan diskutera dette reelt. Utset til saka neste møte.

Me bør laga ein kontrakt med Carles, tilsvarande det som me hadde med Lubo og Lukasz. Roald sender ut den avtalen til styret for gjennomsyn.